



Sunnfjord
kommune

Saman om EIN god oppvekst

Førebyggjande plan for barn og unge 2024 – 2030



Innhald

Saman om EIN god oppvekst Førebyggande plan for barn og unge 2024 – 2030	1
Innleiing.....	3
Mål for det heilskaplege tenestetilbodet.....	4
Utfordringsbilde	6
Kommunen sin strategi for førebygging, tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid.....	10
Prioriterte tiltak i planperioden	11
Om planen.....	14



Innleiing

«Saman om EIN god oppvekst» er kommunen sin førebyggande plan for barn og unge. Den presenterer kommunen sine helsefremmande og førebyggande tiltak ovanfor gravide, barn og unge og deira familiar. EIN representerer kommunen sine verdiar. Vi er EIN - **E**ngasjert, **I**nkluderande og **N**ær.


Planen skal bidra til

- å sette rammer for det helsefremmande og førebyggande arbeidet
- å synleggjere eksisterande tilbod
- å vere grunnlag for vidare utvikling av det helsefremmande og førebyggande arbeidet i kommunen

Barnevernsreforma tredde i kraft 1. januar 2022, og har som mål å styrke arbeidet med førebygging og tidleg innsats. Å arbeide meir førebyggande er ikkje berre eit krav som er retta mot barneverntenesta, men mot alle tenestene i kommunen. Reforma har derfor blitt ei oppvekstreform.

Ny barnevernlov stiller krav til at kommunen skal fremme gode oppvekstvilkår, gjennom tiltak for å førebygge at barn og unge blir utsett for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsvanskar. Lova stiller krav om at kommunen skal sørge for å samordne tenestetilboda til barn og familiar, og at kommunen skal vedta ein plan for det førebyggande arbeidet. Kommunestyret skal vedta planen.

For å lykkast med oppvekstreforma og å skape eit inkluderande fellesskap må hele oppvekstfeltet jobbe saman. Dette fordrar heilskapleg tenking og felles prioriteringar.



Mål for det heilskaplege tenestetilbodet

Sunnfjord kommune skal være ei trygg og god kommune å vekse opp i. Alle barn og unge skal trivast, oppleve god læring, utvikling og meistring. Førebygging, tidleg innsats, tverrfagleg samhandling og samordning av tiltak er då avgjerande.

God kvalitet i tenestene retta mot gravide, barn, unge og deira foreldre er viktig for å sikre at dei får god støtte og hjelp på område knytt til omsorgssituasjon, helse, læring og meistring samt å bli inkludert i trygge og gode oppvekstmiljø.


Førebygging:

Vi skil mellom universell, selektert og indikert førebygging.

Universell førebygging omfattar innsats retta mot alle gravide, barn, unge og føresette, utan at det er identifisert risiko.

Selektiv førebygging omfattar innsats retta mot gravide, barn, unge og føresette med risiko for å utvikle vanskar. Slike tiltak skal motverke negativ utvikling.

Indikert førebygging/behandling omfattar innsats retta mot gravide, barn, unge og føresette som har utvikla vanskar.




I «Saman om EIN god oppvekst» er det ein gjennomgåande tanke at til tidlegare innsats, dess betre effekt får vi av ressursane vi nyttar. Dersom vi investerer i kvalitet og utvikling blant barn i tidleg barndom, sjølv før fødselen, får vi seinare avkastning av investeringane kvart år. Barnet får ei betre utdanning, betre helse, betre produktivitet og utøver mindre kriminalitet ([Hecmans kurve](#)).

Det kostar meir å reparere enn å førebygge. KS har utarbeidd ein berekningsmodell «[Utenfor-regnskapet – KS](#)» som kan vise kommunane kva investering i førebygging betyr i kroner og øre.

Dei viktigaste arenaene for å fremme gode oppvekstvilkår for barn og unge er heimen, barnehagen, skulen, fritidsaktivitetar og nærmiljø (Helsedirektoratet, FHI). For å førebygge at barn og unge blir utsett for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsvanskar må derfor fokus vere retta mot desse arenaene.

For å nå måla skal vi

- ha fokus på tidleg innsats og godt tverrfagleg samarbeid
- vidareutvikle gode arenaer for tverrfagleg arbeid
- bygge nødvendig kompetanse hjå tilsette
- vidareutvikle foreldresamarbeid og foreldrestøtte
- nytte kommunen sine ressursar effektivt
- ha gode universelle tiltak
- ha lågterskeltiltak retta til grupper og enkeltindivid
- gjennom folkehelseprofilen, oppvekstprofilen og andre relevante kjelder ha god oversikt over utfordringsbilde



Utfordringsbilde

På oppvekstområde syner [Ungdata 2021](#), [Oppvekstprofilen 2023](#) og [Folkehelseprofilen 2023](#) at Sunnfjord kommune ligg signifikant betre an enn landssnittet. Dei fleste barn og unge er fornøgde med både seg sjølv, foreldre og omgjevnadane. Førebygging og tidleg innsats må uansett prioriterast. Undersøkingane syner at negative nasjonale trendar også gjer seg gjeldande for vår kommune, og innsats må rettast mot enkeltindivid og grupper som har utfordringar.

På bakgrunn av funn i [Ungdata 2021](#) oppsummerte KoRus Bergen risiko- og beskyttande faktorar for Sunnfjord kommune slik:


Risikofaktorar:

- tydeleg rusa på alkohol (alder, frekvens)
- bruk av cannabis
- opplevd mobbing
- grue seg til å gå på skulen
- psykiske helseplager
- opplevd vald
- opplevd dårleg familieøkonomi

Beskyttande faktorar:

- organiserte fritidsaktivitetar
- fritidsaktivitetar i eigen regi
- trivsel på skulen
- minst ein fortruleg venn
- fornøgd med livet
- fornøgd med foreldra
- opplevd god familieøkonomi

I det førebyggjande arbeidet må vi styrke dei beskyttande faktorane og redusere risikofaktorane, både på universelt, selektert og indikert nivå. I planarbeid og tenesteutvikling med fokus på førebygging, kvalitet og forbetring vert det då sentralt å sjå på kva faktorar i kommunen som medverkar til positive trendar og gode og trygge oppvekstvilkår.



Fritidsaktivitetar:

Ungdata, 2021 syner at [35% av ungdomskuleeleevane](#) og [51% av elevane ved vidaregåande](#) ikkje deltar i nokon organisert fritidsaktivitet.

Auke i psykiske lidingar:

15 – 20% av ungdomane i kommunen føler negativ psykisk helse, stress og einsemd ([Ungdata 2021](#)). Prosentandelen har auka jamt frå 2010 - 2021. Jenter er meir plaga enn gutar, og ungdom på vidaregåande er meir plaga enn ungdom på ungdomskulen. Tal ungdomar som gjev opp å ha følt seg ulykkeleg, trist eller deprimert siste veka syner ein klar auke i takt med opplevd dårleg familieøkonomi (KoRus Bergen, 2021).

Skulehelsetenesta rapporterer også om ein auke i tal ungdom som tar kontakt i den opne kontortida på skulane. Psykiske utfordringar, einsemd, utanforskap, kroppspress og stressrelaterte lidingar er bakgrunnen for dei fleste kontaktane (Skulehelsetenesta 2023).

Auka bruk og endra haldningar til rusmiddel:

Ungdata, 2021 syner auke i bruk og endra haldningar til rusmiddel. [18 % av ungdommane i 3. klasse ved vidaregåande skule](#) gjev opp å ha brukt cannabis siste året, mot 6% i 2017. 45% av gutane og 26% av jentene meiner at hasj og marihuana bør bli lovlege rusmidlar i Norge, og 26% av ungdommane har fått tilbod om hasj eller marihuana siste året

[19% av ungdommane i 10. trinn på ungdomskulen](#) har vore rusa på alkohol siste året, og talet stig jamn til vidaregåande skule der 83% av ungdom i 3. vidaregåande har drukke så mykje at dei har følt seg tydeleg rusa.

Barn som pårørande:


Begrepet «Barn som pårørande» blir brukt om mindreårige barn som har ein forelder eller eit søsken med psykisk sjukdom, rusmisbruk, alvorleg somatisk sjukdom eller skade. Barn som veks opp med psykisk sjuke, somatisk sjuke eller rusavhengige foreldre, opplever eit spekter av bekymringar, og har høgare risiko for å utvikle psykiske, sosiale og åtferdsmessige problem enn andre barn. Dei fleste meldingane til barnevernet i kommunen gjeld uro for foreldre sin rusbruk, foreldre si psykiske helse, vald i heimen/mellom nære relasjonar og høgt konfliktnivå i heimen. Politi, helsestasjonen og foreldre er dei aktørane som melder bekymring til barnevernet oftast (Tilstandsrapport – Sunnfjord barnevern 2021).

Vald og overgrep:

5% av ungdommane i både ungdomsskule og vidaregåande skule i Sunnfjord gjev opp å ha vore skada pga. vald siste året (Ungdata, 2017).

Rundt 100 barn frå Sogn og Fjordane blir kvart år sendt til avhøyr og undersøking ved Barnehuset Bergen avdeling Førde, fordi dei kan ha vore utsett for eller vært vitne til vald eller seksuelle overgrep. (Tal frå valdskoordinator i politiet, 2023).

Det er ein aukande nasjonal trend at ungdom utøver vald, og Sunnfjord politidistrikt ser den same trenden i sin statistikk (Vest politidistrikt, 2023).



Låginntektsfamiljar:

I Sunnfjord kommune bur 7,7 prosent av barna i hushaldingar med vedvarande låginntekt ([Oppvekstprofilen 2023](#)). Å vekse opp i fattigdom påverkar liva til barn og unge. Jo høgare sosioøkonomisk status familien har, jo betre er livssituasjonen for barna. Problema aukar jo færre økonomiske og sosiale ressursar familien har. Det er grunn til å anta at den økonomiske utviklinga med renteauke og generell auke i levekostnadane medfører at fleire familjar får økonomiske vanskar.

Flyktningar og inkludering:

I perioden 2020 til 2023 har kommune busett om lag 70 familjar der over 100 er barn. Flyktningar har med seg risikofaktorar og gjennom busetting i nytt land blir dei utsett for nye, dersom flyktningarbeidet ikkje er rigga med vekt på tidleg innsats og førebyggjande arbeid som styrkar dei beskyttjande faktorane og fremjar integrering.

Flyktningar har ulike føresetnadar for å kome i arbeid, og i perioden fram til dei kjem seg i ordinært inntektsgjevande arbeid vil desse familiane ha marginal økonomi.


Fråfall i skulen:

Til liks med resten av landet opplever og Sunnfjord Kommune ei auke i talet elevar som strevar med å vere på skulen. 16% av elevane i Sunnfjord fell ut av vidaregåande skule, mot 21% i snitt for Norge. 6% av unge mellom 15-29 år står utanfor skule, utdanning eller jobb ([Fokehelseprofil Sunnfjord kommune 2023](#)).

Undersøkingar i lokale skular, samtalar med elevar og skuleleiarar viste at problematikken ikkje berre var aukande, men og at det var store variasjonar i korleis det vart handtert. Tilbakemeldingane sa tydeleg frå at dette opplevast som systematisk krevjande, og at det får store konsekvensar for både eleven og familien. Det går ut over helse, familielivet, fritida, og i tillegg vart det og løfta fram at det er manglande systematikk, manglande fagleg kompetanse og manglande samordning mellom einingane i kommunen i slike saker.

Finansiering av førebyggjande tiltak:

Mange av dagens førebyggjande tiltak i Sunnfjord kommune er bygd opp og drive med prosjektmidlar frå Helsedirektoratet, Barne- og familiedirektoratet, Utdanningsdirektoratet og Statsforvaltaren. Dette er midlar kommunen må søke om årleg. Om denne støtta blir avslutta vil det verte ei utfordring for kommunen å halde oppe dei gode førebyggjande tiltaka som er sett i verk. Dette gjeld mellom anna ungdomsklubbar, «Ung jobb» og «Grill and Chill».



Kartlegging av tilbod, kompetanse og samhandling

I forkant av kommunesamanslåinga blei det gjennomført ei kartlegging i alle kommunane (Naustdal, Gaular, Jølster og Førde) av tilbod, kompetanse og samhandling knytt til tidleg identifikasjon og oppfølging av utsette barn og unge.

Kartlegginga synte at det var mange gode tiltak og mykje god kompetanse, men at det var noko ulikt frå kommune til kommune. Kartlegginga synte også nokon utfordringar og hol knytt til tidleg identifikasjon og oppfølging. Det blei her spesielt trekt fram utfordringar i høve samarbeid og samhandling ([Kartlegging Sunnfjord kommune](#)).

Innspel til planarbeidet

Frå ungdomane:

Vi ønsker ungdomsklubbar og gode fritidstilbod i alle delar av kommunen.

Vi ønsker fleire og meir tilgjengelege helsesjukepleiarar.

Vi ønsker at tilpassa opplæring, nytt læringmateriell og gode uteområde for elevane vert prioritert på skulane.



Frå føresette:

Det er vanskeleg å orientere seg i kommunen sine hjelpetenester. Vi kontaktar dei som er nærmast, som tilsette i barnhage, skule eller helsestasjon.

Det bør vere alternativ tilbod til barn som ikkje tileignar seg så godt teoretiske fag.

Tidleg innsats ved skulefråvær.



Frå tilsette:

Vi må ha kompetanse om kvarandre og samarbeide betre. Vi må sjå heile bilde. «Vi har kompetanse, det er systema som bremsar oss, då dei ulike instansane ikkje pratar i lag».

Styrke bemanninga og auke kompetansen hos alle tilsette.

Vi må ha meir tid og ressursar til foreldrerettleiing. «Vi må støtte, styrke og bekrefte foreldre i foreldrerolla», «Styrke foreldra si meistring som foreldre».



Kommunen sin strategi for førebygging, tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid

Samhandlingsmodellen «Saman om EIN god oppvekst»

Sunnfjord kommune har utarbeidd ein lokalt tilpassa [samhandlingsmodell](#), og byggjer på denne planen. Modellen er grunnmuren for det heilskaplege arbeidet rundt barn og unge. Den skal hjelpe oss å sikre tidleg oppdaging og koordinert oppfølging av barn, unge og deira familiar på tvers av tenester og nivå.

Samhandlingsmodellen viser Sunnfjord kommune sin innsats på eit overordna nivå og ut til det praktiske daglege arbeidet for og med barn, unge og familiar. Den viser mellom anna korleis planar, rutinar, møtearena og tiltak på dei ulike nivåa i kommunen sikrar at barn og unge får rett hjelp til rett tid. Den digitale samhandlingsmodellen vil vere eit levande verktøy i kommunen sitt arbeid med førebygging, tidleg innsats og tverrfagleg samhandling. Samhandlingsmodellen blir oppdatert i tråd med teneste- og samfunnsutvikling.

Grunnmuren består av tre nivå:

Tilsette / Barn, unge og føresette:

Syner korleis tilsette skal jobbe med å oppdage og følgje opp barn, unge og familiar som av ulike årsaker treng hjelp og støtte i kortare eller lengre periodar av livet sitt.

Tilsette treng gode rutinar, verktøy og kompetanse knytt til å oppdaging og oppfølging. [BTI-rettleiaren](#) viser trinn for trinn korleis tilsette skal gå fram frå oppdaging til handling, oppfølging og tverrfagleg samhandling. Rettleiaren sikrar tidleg innsats, foreldreinvolvering og samordning av tenester.

Eining / Teneste:

Syner korleis kommunen sine tenester arbeider og samarbeider til barn og unge sitt beste. Planar, rutinar og strukturar for å sikre medverknad, samhandling, rett og nødvendig kompetanse hjå tilsette.

Eit minimum av felles kunnskap om kvarandre sine tenester på tvers av sektorar er viktig for å kunne førebygge og oppdage behov på eit tidleg tidspunkt. Både innbyggjarar og tilsette bør vite kva tilbod og tenester dei kan forvente å finne i kommunen. Sunnfjord kommune startar i 2024 eit arbeid med å utvikle ei lett tilgjengeleg digital [tiltak- og tenesteoversikt](#).

Kommune:

Syner kva overordna planar, prioriteringar og rutinar Sunnfjord kommune har for arbeidet med førebygging, helsefremming, tidleg innsats og tverrfagleg samhandling for barn, unge og familiar. Planane skal støtte opp om tverrfagleg samarbeid, og syne korleis arbeidet skal prioriterast over tid.

For at kommunen skal vere rusta til å møte utfordringar og barrierar som kan vere til hinder for at barn og unge får den hjelpa dei treng, er det viktig med tverrsektoriell samhandling på eit overordna nivå. Førebyggjande plan for barn og unge er ein sentral overordna plan for kommunen sitt arbeid med førebygging, tidleg innsats og tverrfagleg samhandling.

Prioriterte tiltak i planperioden

Tiltak	Slik gjer vi det
<p data-bbox="190 371 577 435">Tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid.</p> <p data-bbox="190 475 577 539">Bygge nødvendig kompetanse hjå tilsette.</p>	<p data-bbox="589 371 2047 435">God implementering av Samhandlingsmodellen «Saman om EIN god oppvekst» er det viktigaste tiltaket i planperioden. Målet er at samhandlingsmodellen skal vere kjent i heile organisasjonen.</p> <p data-bbox="589 475 2047 571">Kommunen skal sørge for at tilsette har tilstrekkeleg, rett og oppdatert kompetanse for dei oppgåvene som skal løysast, og for at innbyggerane skal få gode og heilskaplege tenester. Korleis Sunnfjord kommune løyser dette, går fram i samhandlingsmodellen på tenestenivå, under kompetanse.</p>
<p data-bbox="190 643 577 707">Inkluderande praksis og tilpassa opplæring</p>	<p data-bbox="589 643 2047 778">I grunnskulen og i barnehagen har vi i utviklingsarbeidet fokus på inkluderande praksis. Vi jobbar for å utvikle ein pedagogisk praksis som i større grad tar i vare barn som treng tilpassing, innafor dei ordinære rammene. Ved å ta i vare fleire barn med allmennpedagogiske tiltak, vil vi kunne bruke ressursane i skulen og barnehagen til det beste for heile gruppa.</p> <p data-bbox="589 818 2047 882">I Sunnfjordskulen ser vi òg på korleis god kvalitet på begynnaropplæring og vurderingsarbeid aukar elevens motivasjon.</p>
<p data-bbox="190 954 577 1018">Gode tilbod innan kultur, idrett og friluftsliv</p>	<p data-bbox="589 954 2047 1026">Sunnfjord kommune har ein eigen temaplan innan kultur, idrett og friluftsliv Plan for kultur, frivilligheit og inkludering, som skal bidra til gode kvardagsliv.</p> <p data-bbox="589 1066 2047 1129">For å ivareta målsettingar i denne planen «Saman om Ein god oppvekst» er det viktig at tiltak i temaplanen blir iverksett og følgt opp.</p> <p data-bbox="589 1185 2047 1297">Kommunestyret har vedtatt at det skal lagast ein ungdomsplan. Dette dokumentet skal synleggjer ungdomsrådet sine prioriteringar ovanfor dei folkevalde og kommunedirektøren. «Handlingsplan – av ungdom for ungdom 2024-28».</p>

Tiltak	Slik gjer vi det
Tilgjengeleg og fleksibelt psykisk helsetilbod	<p>Kommunen vil fokusere på å oppretthalde eksisterande ressursar på helsesjukepleiarar og eventuelt styrke. Eininga jobbar med å få til ei betre dekning og fordeling av ressursane på dei ulike skulane.</p> <p>Sunnfjord kommune har etablert eit psykisk helseteam for barn, unge og deira familiar som ei eiga avdeling under helsestasjonen. Etableringa er tett knytt til nasjonale føringar og er ei viktig satsing i det førebyggjande arbeidet. Teamet er tverrfagleg samansett og har spesialisert kompetanse på psykisk helse, rus, åtferd, foreldrestøtte-/retteleiing og vil vere lett tilgjengeleg for både innbyggjarar og tilsette. Teamet skal jobbe førebyggjande, i tillegg til oppfølging og behandling av psykiske helseutfordringar. Tenestetilbodet er under utvikling, og vert eit supplement til andre helse- og omsorgstenester som helsestasjon, skulehelseteneste og fastlege.</p>
Godt foreldresamarbeid og gode tilbod for foreldrerettleiing og -støtte	<p>Verdens helseorganisasjon (WHO) vurderer foreldrestøtte som eit av dei viktigaste førebyggjande tiltaka for å redusere vald, overgrep og omsorgssvikt.</p> <p>BTI-retteleiaren skal sikre foreldreinvolvering og godt foreldresamarbeid.</p> <p>Kommunen har fleire team og fagpersonar med kompetanse på foreldrerettleiing/-støtte. For å gjere tilboda kjent og lett tilgjengeleg har kommune startar eit arbeid med å utvikle ei lett tilgjengeleg digital tiltak- og tenesteoversikt.</p>
Førebygge vald og overgrep	<p>Førde kommunen har utarbeidd Handlingsplan mot vald i nære relasjonar - gjeld for Sunnfjord kommune. Planen skal reviderast, og blir implementert i kommunen sitt planverk. Planen vil ha konkrete tiltak for førebygging av vald og overgrep.</p> <p>Sunnfjord kommune vil frå hausten 2023 delta i nettverk for førebygging av vald og overgrep. Målet er å bli betre på å beskytte, og hjelpe barn og unge som står i fare for, eller blir utsett for vald og overgrep. Arrangør er Statsforvaltaren i samarbeid med kompetansesentera på område. Kompetansen frå nettverksamlingane vil bli brukt i revideringa av Handlingsplan mot vald i nære relasjonar.</p>

Tiltak	Slik gjer vi det
Haldningsskapande program, for å ta gode val	<p>For å utvikle gode haldningar og stimulere barn og unge til å ta gode val ønsker kommunen å innføre eit felles haldningsskapande program i barnehage og skule. Kommunen vil sette ned ei tverrfagleg arbeidsgruppe og søke råd hjå ulike kompetansesenter.</p> <p>SLT (Samordningsmodell for Lokale, førebyggjande Tiltak mot rus og kriminalitet) har innarbeidd rutinar for informasjon til elevar og foreldre på ulike klassetrinn SLT årshjul.</p>
Oppfølging av «Barn som pårørende»	<p>Sunnfjord kommune vil innarbeide rutinar for systematisk kartlegging, informasjon og oppfølging av «Barn som pårørende» jf. endringa i Helsepersonellova. Kommunen har ei tverrfagleg samansett gruppe som jobbar med å utarbeide rutinare. Fagutvikling koordinerer arbeidet.</p>
Oppfølging av flykningar og minoritetsfamiliar	<p>Det er vedteke eit prinsippdokument for arbeidet med flykningar i Sunnfjord kommune.</p> <p>Kommunen ser behov for å utarbeide ein eigen overordna plan for å sikre at arbeidet med flykningar og integrering er politisk og tverrsektorielt forankra.</p>
Låginntektsfamiliar	<p>Sunnfjord kommune har vedtatt å utarbeide ein plan mot barnefattigdom. Planen blir implementert i kommunen sitt planverk.</p> <p>Tiltak og støtteordningar som alt finst i kommunen er publisert på kommune si heimeside. Mellom anna informasjon om fritidskortet og friplassar i kulturskulen. NAV kan dele ut opplevingskort ved behov.</p>
Hindre fråfall i skulen	<p>Kommunen har fått midlar gjennom Vestland Fylkeskommune sitt «Program for folkehelse» til prosjektet «Ein oppvekst» 2022-2026.</p> <p>Prosjektet skal utarbeide tiltak og prøve ut ulike lågterskeltiltak knytt til tidleg innsats og førebygging av skulefråvær. Prosjektet skal også utarbeide gode rutinar for samhandling og samarbeid mellom ulike tenester.</p>



Om planen

Førebyggjande plan for barn og unge i Sunnfjord kommune har bakgrunn i nasjonale føringar på fleire område, og skal være eit verkemiddel for å styrke det helsefremmande og førebyggjande arbeidet i kommunen.

[Stortingsmelding 6 \(2019-2020\): «Tett på» – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skole og SFO](#) legg vekt på tidleg innsats og behov for tverrfagleg samarbeid for å gje alle barn og unge moglegheiter for å lære, leike, utvikle seg og meistre.

[Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis](#) skal bidra til at kommunar og fylkeskommunar har tilstrekkeleg kompetanse tett på barna og elevane for å kunne førebygge, fange opp og gje eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert barn og elevar med behov for særskilt tilrettelegging.

[Kompetanse for kvalitet](#) er ei satsing på vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar som skal bidra til god fagleg og pedagogisk kvalitet i grunnopplæringa for å styrke elevane si læring, og [«Barnehager mot 2030 - strategi for barnehage kvalitet»](#) er laga for å gje alle tilsette i barnehagen eit viktig kompetanseløft.

For å styrke oppfølginga av utsette barn, unge og deira familiar, er det med verknad frå 1.august 2022 vedteke lovendingar i 14 ulike lovverk knytt til samarbeid, samordning, barnekoordinator og individuell plan. Den nasjonale rettleiaren [«Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier»](#) forklarar lovendingane som er relevante for samarbeid på tvers av tenestene og gir sektorspesifikk rettleiing.

Regjeringa vil gjennom [«Opptappingsplan for barn og unges psykiske helse \(2019-2024\)»](#) jobbe for at fleire skal oppleve god psykisk helse og god livskvalitet, og at dei som treng det skal få eit godt behandlingstilbod. I oktober 2023 kom den nye nasjonale rettleiaren [«Psykisk helsearbeid for barn og unge»](#) som gir anbefalingar om korleis eit heilskapleg og samordna psykisk helsearbeid for barn og unge, frå helsefremmande og førebyggjande arbeid til oppfølging og behandling, kan oppnåast.

I [Helsepersonellova §10 a](#) er helsepersonell sitt ansvar i samband med kartlegging, informasjon og oppfølging av barn som pårørande gjort tydeleg. Fokus på «Barn som pårørande» er viktig med tanke på tidleg innsats, og kan ha stor innverknad på barn og unge sitt oppvekstmiljø.

I tillegg til nasjonale føringar vil planen også være eit ledd i å nå FNs bærekraftsmål knytt til sosial berekraft. Dette gjelder spesielt bærekraftsmåla; **Utrydde fattigdom, God helse, God utdanning og Mindre ulikskap.**

1 UTRYDDE
FATTIGDOM



3 GOD HELSE OG
LIVSKVALITET



4 GOD
UTDANNING




10 MINDRE
ULIKSKAP



Lokale føringar

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022–2030 har som hovudmål at vi skal sikre folketalsvekst og berekraftig utvikling i heile kommunen gjennom å vere grøn, mangfaldig og attraktiv. Eitt av delmåla for å oppnå dette, er at vi **skal skape gode kvardagsliv for innbyggjarane våre.**



Ein strategi for å skape gode kvardagsliv, er at vi skal vere ein inkluderande kommune med gode bumiljø, trygg og aktive innbyggjarar. **Tiltak som er særleg relevante for denne planen:**

- Vi har helsefremmande, trygge og gode oppvekstvilkår for born og unge.
- Alle innbyggjarar har høve til å delta på aktivitetar nær der dei bur, og alle born og unge deltek i minst ein fritidsaktivitet.
- 8 av 10 skuleelevar går eller sykklar til skulen fordi vi har trygge skuleveggar.
- Vi har god infrastruktur for kultur-, idrett- og friluftsliv i heile kommunen.
- Vi skal jobbe for at alle born og unge i Sunnfjord kommune har ein trygg og tilpassa oppvekst, der dei blir inkluderte, har ein god barnehage- og skulekvardag og deltek i eit godt og variert fritidstilbod.
- Vi jobbar heilskapleg og koordinert, og har gode rutinar for å fange opp gravide, born, unge og foreldre som treng hjelp eller som vi er bekymra for, slik at dei får den hjelpa dei treng.
- Vi reduserer sosial ulikskap og skilnader i levekår gjennom tiltak retta mot låginntektsfamiliar.

Denne planen «Saman om EIN god oppvekst» bygger vidare på desse tiltaka frå samfunnsdelen.

Medverknad og involvering i planarbeidet

Alle barn har rett til å bli høyrte i alt som handlar om dei. Retten er nedfelt i [Barnekonvensjonen § 12](#) og i [Noregs Grunnlov § 104](#). Medverknad tyder i praksis å kunne vere med å påverke innhaldet i eigen livssituasjon, bli sett, høyrte og lytta til, og ha høve til å velje og påverke eigen kvardag.

Sunnfjord kommune har hatt ei tverrfagleg arbeidsgruppe som har jobba med planen. Grappa var samansett av representantar frå Fagutvikling og Kultur og ungdom med kompetanse på barn og unge. Arbeidet har vore forankra hjå kommunalsjefar for oppvekst, helse og kultur og idrett.

Arbeidsgrappa har sendt ut refleksjonsspørsmål til alle aktuelle einingar, informert om planarbeidet i ungdomsråd, organisert gruppearbeid og gjennom dette henta innspel til planen. I tillegg har vi bedt om innspel frå FAU og brukarutvala i barnehagane. Det har også lagt ute ein open invitasjon på kommune si heimeside om å komme med innspel til planen.

Kommunen har valt å bruke tid på planarbeidet for å sikre medverknad og involvering. Prosessen har vore eit viktig ledd i arbeidet for å stå «**Saman om EIN god oppvekst**»

